

Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden



I dette nummeret
kan du m.a. lesa:

- Ein bodskap frå
Sacramento side 2
- Reisebrev frå Tanzania side 4
- Konfirmantlister side 5
- Misjonærinnviing side 7
- "Kristus i kunsten" side 9

Kåre Kristoffersen:
**Kyrkjetenar på
glattisen** side 12

Foto: ONT



Porno på TV og Internett:

Ein bodskap frå Sacramento

Den amerikanske pinsevevnpastoren David Wilkerson, for oss mest kjend frå boka "Narkomaner og storby-gjenger", fekk på 80-talet ein profetisk bodskap som har fått namnet "Wall of Fire". (Ein mur av flammer)

Wilkerson fortel at han var på eit motell i Sacramento, California, og skrudde på TV etter eit vekkingsmøte. I staden for siste nytt traff han på ein musikkvideo, som på den tida sjølv-sagt var nymotens. Det var likevel det demoniske innhaldet med seksuelle overtonar som pastoren merka seg.

Men Heilaganden kom over han med ein bodskap om trøyst, som gav lys i mørkret.

Wilkerson fortel at han så vart mint på Sak.2,9:
"Sjolv skal eg vera ein eldmur kring byen, lyder ordet frå Herren, og midt i han vil eg syna min herlegdom."
 Gud ønskjer eit heilag folk, og å utruste sine til heilag strid i tida som kjem. Når synda aukar, skal dei truande finne vern bak Guds mur av flammer.

Porno på satellitt-TV

I dei to store skandinaviske satellitt-"paraplyane" Viasat og Canal Digital er det i dei dyraste abonnementspakkene sjåarane kan kjøpe TV-stasjonar som sender pornografiske filmar ein del av dagen. Det er verd å merke seg at elektronikkjedene ofte sel mot-takingsutstyr for ei krone mot at ein nettopp teiknar abonnement på desse pakkane. Men då er ein i lomma på

den moderne mediekapitalismen. Andre stasjonar i Europa sender slikt materiale kontinuerleg. Her òg må ein kjøpe dyre kodekort.

Det fins òg opne kanalar som ser ut til å m.a sikte på å få folk til å kjøpe slike mottakingskort samstundes som ein vil freiste folk til å bruke mange pengar på telefonsex og prostitusjon. Her ser og ut til å vere koplingar med gambling og spåkoneverksemd. Dette er ein turbokapitalisme i media som er ute av styring.

Om mogleg endå verre står det til på Internett. Den frie flyten av informasjon der har ført til ei oppblomstring av ugras som det skal bli vanskeleg å kontrollere, for ikkje å seie utrydde. Dei som har greie på det seier at den kommersielle sexindustrien sitt nedslag på nettet er påtakeleg, med pornografiske nettstader i hundretusenvis, men òg har ymse slag undergrunnskultur som før kanskje kunne finnast i ein butikk i ei bakgate. I fjor haust kom Nye Kripos og Telenor på banen med eit særpris-verdig tiltak. Dei som går inn på internettsider av dette slaget som vert ramma av norsk lov, vert møtte av ein plakat som venleg, men tydeleg påtaler tilhøvet. Kyrkja må seie seg glad for at demoniske krefter kan haldast i sjakk. Men samstundes må eg få påpeike at "lovleg" pornografi heller ikkje må få breie seg.



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar: Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar
 Redaktør: Odd N. Thormodsæter
 Kontingent: kr 100,- pr. år innan kommunen
 kr 150,- pr. år utanom kommunen
 Takkeannonser: kr 100,-
 Kontonr.: 3628 07 02557
 Layout/trykk: Grafisk Team AS
 Distribusjon: Hurtiglevering, Tjeldstø
 tlf. 98 66 53 29

Kyrkjekontoret:

Vitjingsadresse: Helse- og tenesteteret, Rong
 Postadresse: Boks 144, 5331 Rong
 Telefon: 56 38 22 40
 Faks: 56 38 22 41
 Vakttelefon: 56 38 22 44
 E-postadresse: kontor@kyrkja.net
 Kontortid: måndag – fredag 0900 – 1500

Tilsette:

Kontorsekretær: Kari Sandøy Rong
 e-post: kontor@kyrkja.net
 tlf. 56 38 22 40

Kyrkjelydspedagog: Synnøve Sandøy Voldsund
 e-post: kyrkjelydspedagog@kyrkja.net
 tlf. 56 38 22 47

Kantor: Anne Lise Grøm
 e-post: kantor@kyrkja.net
 tlf. 56 38 80 30

Kyrkjelydsprest (permisjon): Lars Arne Vik

Sokneprest: Sveinn Martinsen
 e-post: sokneprest@kyrkja.net
 tlf. 56 38 22 44

Kyrkjevevjerje: Odd N. Thormodsæter
 e-post: kyrkjevevjerje@kyrkja.net
 tlf. 56 38 22 43

Kyrkjiene:

Blomvåg kyrkje: tlf. 56 38 70 22
 e-post: blomvag.kyrkje@kyrkja.net
 Kyrkjjetenar/gravar: Kåre Kristoffersen
 Mobil 97 72 72 21
 Klokkar: Ole Vik

Hjelme kyrkje: tlf. 56 38 80 30
 e-post: hjelme.kyrkje@kyrkja.net
 Kyrkjjetenar/gravar: Kari B. Solheimslid
 Mobil 9772 74 57
 Klokkar: Ingebjørg Sæle

Råda:

Blomvåg sokneråd: Leiar: Kjellaug Solsvik
 Hjelme sokneråd: Leiar: Frank Skjold
 Øygarden kyrkjelege fellestråd: Leiar: Gustav Landro



Illustrasjoner: Frøde Kalleland

Frist for stoff til nr. 3/05 er 24. mai.

St.Georg og dragen



Kristus er vår sigerherre. Og, for å seie det med ordet frå Sacramento: Han er ein mur av heilagdom rundt oss, for at vi som Hans Folk òg skal vere heilage. Gud er ein heilag Gud! Og helgenskaren og dei truande som har gått føre og no er ute av den heilage striden og er heime hjå Herren, er ei stor trøyst og styrke for oss. Det går verkeleg an å sigre over freistingar, synd og den vonde.

23.april er helgendagen for St.Georg. Han var ein ridddar frå Kapadokia i Tyrkia. Om han vert det fortalt at han "angrep en drage som terroriserte en landsby i Libya, stakk den med sin lans og førte den som fange inn til byen, som om den var fullstendig tam. Georg ba folket om ikke å være redde. Hvis de ville tro på Jesus Kristus og bli døpt, ville han befri dem fra uhyret. Kongen og folket gikk med på det, Georg drepte dragen og 15.000 mennesker ble døpt. Georg ville ikke ha noen belønning, men ba kongen om å skaffe kirker, ære prester og vise medfølelse med de fattige."

Eit kall til nettriddarteneste

Kanskje vi kan be fram ei ny "nettriddar"teneste i Kyrkja, at nye Georg-typar kan stå fram, - som kan stå opp mot den dragen som terroriserer oss frå "space" og "cyberspace".

"Ta Guds fulle rustning på, så de kan stå dykk mot djevelens lumske åtak. For vi har ikkje strid mot kjøt og blod, men mot makter og herredøme, mot verdsens herar i dette mørkret, mot vondskapens åndehær i himmelrømda." Ef.6,11-12

Eg trur at under den moderne mediekapitalismen er det bare marknadsmakt som gjer inntrykk, nemleg at distri-

butørar av dårleg materiale ikkje får brukarar og at ein held fram det forkastelege i deira verksemd. Dei er medskuldige i at grenser vert nedbrotne og at synda sitt ugras aukar. Difor nemner eg nokre få framlegg til "strakstil-tak". Det er ikkje nok at den einskilde "feiar for si dør." Difor:

1. Send e-post og brev om tilhøva i satellittkringkasting og på Internett til Familie og Medier(som alt har eit engasjement), mediepolitikarar i Stortinget, politisk leiing i Kulturdepartementet, og Medietilsynet. Truleg er internasjonalt samarbeid naudsynt.
2. Sjølv om eg kan erte på meg fotballfans som abonnerer hos dei nemnde "satellittparaplyane": Abonner helst ikkje på dei dyraste pakkene dei tilbyr.
3. Send e-post og brev til deira respektive kundeservice og protester på at dei sender pornografi.
4. Send e-post og brev til internettleverandørane og protester på at dei formidlar pornografi.." Anmelde" suspekta, men "lovlege" nettstader ein kjem over (t.d. i søkjelister i Google.com anonymt) til eit sentralt register og at desse sidene så kan verte blokkerte av styresmak-tene.
5. Gå ikkje inn på internettsider som formidlar por-

nografi, om det aldri så mykje skulle vere "lovleg." For distributørane er det bare ein ting som tel: For jo fleire "treff" dei får, jo meir tener dei.

6. Gjennom whois.com er det mogleg å finne ut kven som står bak internettsider, og på det viset "røykja dei ut" og stille dei til ansvar. Men dette vert ikkje ufarleg. Det er sterke krefter i sving.

Eit siste ord

Pastor David Wilkerson avsluttar Sacramento-profetien med eit anna

Sakarja-ord:

"Så seier Herren, Allhærs Gud:

Går du på mine vegar og rettar deg etter det eg har fastsett, skal du få styra mitt hus og vakta mine føregardar, (Sak.3,7)

Dei som lyder Herrens vilje skal få oppleve at Guds eld-mur er eit vern for dei som i frykt for Herren lyder Hans vilje.

Sjå til Herren i dag, og be om at Hans mur av flamar òg må verna deg og dine. Vent at Han skal syne sin herlegdom! Be òg for borna dine, at dei må ha det same vernet. Dette er det som Heilaganden har synt meg."

sokneprest@kyrkja.net

Dette er eit utdrag av ein artikkel skriva av sokneprest Svern Martinsen. Heile artikkelen kan du lesa på inter-nett:

<http://www.kyrkja.net/sacr.htm>

POLITIKERE MOT PORNO

Flere danske politikere og interesseorganisasjoner krever nå at det blir satt politisk trykk inn mot den økende mengden porno på Internett og i det offentlige rom. Barn og unge-ordførere for SF Pernille Vigsø Bagge sier at "når rapmusikere kaller kvinner for luddere og når statskanalen DR hver ettermiddag viser musikkvideoer med halvnakne kvinner, påvirker det naturligvis barn og unges syn på kvinner". Derfor burde man innføre regler for hva som sendes i tv til barn og unge, mener hun. Pernille Vigsø Bagge vil derfor reise spørsmålet i Folketinget neste uke, skriver danske Kirke & Medier. (Medier & Nett)

Reisebrev frå Serengetis utkantstrok i Tanzania

Skuleåret 04 – 05 går mot slutten både heime og her ute. Som reiselærer i Afrika opplever ein mykje spanande. Eg er så heldig å få lov til å reise til ulike misjonsstasjonar i Tanzania for å undervise skuleborna som bur der. Eg vil gje dykk nokre glimt frå ein reiseperiode til Tanzania dette skuleåret.

Reiselæraren

Me startar frå Nairobi i Kenya klokka seks om morgonen og kjem til Issenye i nord-vest Tanzania klokka seks om kvelden. Dei to – tre siste timane humpar me av garde på ein heller dårleg grusveg. Sola er i ferd med å gå ned bak fjella i vest då me kjem fram. Det er berre å gå i gong med å tømme bilen, for om ein time vert det stummande mørkt her ute på slettene.

Klasserom og lærarbustad

Vel inne i murhuset som fungerer som bustad og klasserom med kontor, konstaterer eg raskt at eg ikkje vert buande åleine her desse fjorten dagane... Fem flasker insektspray, myggrollon og rottegift ligg klar.

Solcellepanelet på taket skal gje straum på solskinsdagar. Elles er det rikeleg med stearinlys her. Med kjøleskåp på parafin, komfyr på gass og vassklosett skal dette gå bra.

Så er det berre å setja i gong, med to aktive skulejenter rundt seg frå halv ni til to kvar dag, har ein ikkje fritidsproblem.

Serengeti nasjonalpark

Det er fantastisk å sitja ute i kveldinga å sjå utover dei endelause slettene, her kjem flokkar av gnu forbi frå Serengeti nasjonalpark i Tanzania til Masai Mara i Kenya. Sist veke hadde ei løve drepe ei ku i nabolandsbyen, det var ikkje så idyllisk. Mørket kjem som slept ut or ein sekk her ute, rett utanfor vindauga mitt kjem mødrene og borna med svære vasspann på hovuda på veg heim frå vassholet. Kveldsmåltidet vert førebudd i naboen si jordhytte, det luktar sur røyk, ungane sutrar og hundane gøyr, snart tek sirissane til å spele melodien sin - kveldsstemming i Afrika.

Gudstenestelokale

Søndagen er komen og me skal på gudsteneste. Me reiser til landsbyen i nærleiken.



Her er det inga kyrkje, men nokre pinnebenkar under eit stort tre. Kyrkjeklokka er ein lastebilfelg og bilhornet til landcruisaren vår.

Teksten i dag er om Sakkeus som klatra opp i treet for å sjå Jesus, passande for staden her spør du meg. Midt under guds-



Geir, Ole-Martin og Kjersti K. Djupvik. Geir og Kjersti er misjonærar i Aust Afrika, med base i Nairobi. Dei er begge lærarar som arbeider for NLM. Kjersti er oppvaksten i Blomvågen. Dei har vore ute som misjonærar i til saman fire år.

tenesta kjem ein kuflokk og nokre geiter og slår seg til saman med oss, gjetaren sit midt i forsamlinga. Det er ikkje så lett å gjera to ting på same tid!

Kollekt er eit eige kapittel her. Ikkje alle har pengar, men naturaliar som egg, kål og ris gjer same nytten. Eg kjenner meg att frå basar på bedehuset i Blomvågen.

Attende i Nairobi i Kenya


Etter fjorten dagar er reiselærarperioden slutt for denne gongen. Bilen vert etter kvart oppfylt av frukt og grønnsaker, 16 ananas for 30 norske kroner. På tomta i Nairobi er det mange å dela med. Det er godt å vera heime att, men desse reiseperiodane er med å gje opphaldet mitt her ute ein større dimensjon . Eg ser også kor viktig det er for misjonæranne at borna deira får eit greitt skuletilbod for at dei skal kunne fungere i misjonærte- nestea.

Mange helsingar

frå Kjersti Kårbø Djupvik , Nairobi Kenya.

ØyNytt-rosa

I dette nummeret vil me denne gongen gje ØyNyttrosa til Lars Arne og Anne Merethe Vik for den flotte innsatsen dei har gjort og gjer i barnekoret "Lyskastaren!"



Kyrkjelydstur til Kenya

Vi inviterer til ein 12 dagars tur i september/oktober 2005.

Misjonærbesøk, safari og badeferie

Det er no ledig 2 plassar.

Ta kontakt med kyrkjekontoret på telefon 5638 2240 for å få tilsendt program.

Konfirmantar laurdag 7.mai kl.

12.00 i Blomvåg kyrkje:

Kjell-Erik Aune
Marianne Carlsen
Charlotte Dale
Linda Marie Fagerholt
Ivar Steen Hansen
Stian Herdlevær
Charlotte Ekren Isager
Silje Renate Kuven
Kristina Toft Matland
Mathew Mikal Guevarra Mikkelsen
Martine Onstad
Christian Oen Paulsen
Madeleine Hop Rong
Henrikke Ruud
Kim-Leander S. Thorsen
Benjamin Torsvik
Marielle Torsvik
Caroline Blom Øksnes

Konfirmantar søndag 8. mai kl.

10.30 i Hjelme kyrkje:

Daniel Dåvøy
Steffen Fjeldstad
Rudi Hellesund
Karina Aalvik Hjartøy
Stine Marie Rosseland Legreid
Anders Oliveren
Joakim Algerøy Sanden
Charlotte Svellingen

Konfirmantar søndag 8. mai kl.

12.30 i Blomvåg kyrkje:

Elisabeth Eide Algrøy
Stian Rong Andersen
Kine Josefine Blom
Tina Rykkel Blom
Steinar Konrad Blom
Christoffer Heine Haugsdal
Farestveit
Christoffer Nysæter Gerhardsen
Christer Halvorsen
Soveig Helle
Daniel Jensen
Ørjan Rong Knarvik
Tommy Landro
Jeanett Mathinussen
Øystein Oen
Marte Drange Røisland
Ruben Sæle
Anders Einevoll Torsvik

BRUK AV KANTINA PÅ TEDNEBAKKANE

Målgruppa for disponering av lokala på Tednebyggane omsorgssenter er primært bebuarar og deira pårørande, samt alle eldre i Øygarden, over 65 år.

Av Ingunn Teigen, institusjonsleiar

Høyrrer du til denne aldersgruppa, er du hjarteleg velkomen til å leiga kantina og "Finstova" til å feire dagen din, halda gravferd, bæreandakt m.m. I kantina kan det dekkast til 120 personar og "Finstova" har plass til 20 personar. Alle brukarar /leigetakarar kan nytte privat næringsliv til matserving, om dei ynskjer det.

Bebuarar og brukarar av tenestene i Pleie - og omsorg kan nytte seg av lokala gratis.

Ideelle lag og organisasjonar som rettar seg mot omsorgssenteret sin funksjon og bebuarar kan nytte lokala gratis på kveldstid/helger til arrangement.

I tillegg brukar kommunalt tilsette lokala til formelle arrangement og kurs på dagtid. Berre tilsette i Pleie - og omsorg har høve til å leige lokala til personlege arrangement.

Reglane er godkjente av Formannskapet i Øygarden kommune.

Nærare informasjon om prisar, vilkår og bestilling finn du på nettsida til kommunen: www.oygarden.kommune.no, eller du kan ringe omsorgssenteret, ved Serviceleiar Elsie Førde Blom 56382393/00

Eldretreff-tur for Blomvåg sokn

Det går mot sommar og den årlege turen med Blomvåg eldretreff står for døra.

Turen vert arrangert torsdag 9. juni, med avreise frå Kystmuseet kl 0845 og frå Rong kl 09.00.

I fjor var vi på Arboretet på Store Milde og vidare til Fana, der vi såg Fana kyrkje og stoppa på Fanafjellet og hadde kaffimåltidet i friluft. Vidare gjekk turen til Os og Kongshaug musikkgymnas der vi fekk flott middag. Her var det fleire elevar frå Øygarden som song og spelte for oss.

Etter ein vellukka tur i fjor satsar vi på nytt i år. Turen går til Nordhordland Folkehøgskule, med innlagte stopp undervegs.

Du kan melda deg på til Jarle Dale, tlf. 5638 7338, eller til kyrkjekontoret, tlf. 5638 2240



Med åpne armer

Av Svein Brede Mella, medlem av teamet

I Bibelen står det en fortelling om den bortkomne sønn (Lukas 15). Han bryter opp fra sin far og reiser vekk for å klare seg selv på egen hånd. Denne sønnen sløser vekk alle pengene sine på fest og dårlige venner. Når han ikke har mer penger igjen mister han alle vennene også. Da bestemmer sønnen seg for dra tilbake til faren og spørre om han i det minste kan jobbe hos han. Faren står hver dag og speider etter sønnen. Når sønnen endelig kommer igjen løper faren han i møte og omfanger han. Så stiller han i stand en fest for sønnen som endelig har kommet hjem. Gud er en far som aldri vil gi opp at du kommer hjem til han. Selv om vi ofte vil klare oss på egen hånd så vil Gud aldri stoppe å stå å speide etter hans bortkomne sønner og døtre. Han står der med åpne armer. Tør vi å komme til han?

Kven vil du ha?

På sine eldre dagar fekk presten teneste i ein stor kyrkjelyd. Det vart på alle måtar så mykje meir å passe på. Ein laurdag var det fem par som skulle bli vigde. For ikkje å kome opp i problem med namna, laga han seg ein huskelapp. Alt gikk bra heilt til han kom til det tredje paret.

- Og så spør eg deg, Knut, vil du ha Karoline som står ved di side?

Til prestens store forundring ristar Knut på hovudet.

- Det var da svært, tenkjer presten. Kan det vere feil namn? Han smugtittar raskt på lappen og prøver med neste kvinnenamn. Då Knut også nå ristar på hovudet, blir det for mykje for presten. Han tar fram huskelappen, viser den for Knut og seier:

- Så sei meg, min gode mann, kven vil du då ha?



Min salme

Eg likar så utruleg godt å syngja, og det er mange gode songar og salmar som tonar i meg kvar einaste dag. Men i dag tek eg fram den songen som kjem for meg svært ofte, songen på nr.145 i Sangboken; ”Det er nok det som Jesus gjorde”. Det er eit stort budskap som vert forkynt. Tenk at Jesus har gjort alt for oss. Me kan ingenting gjera for vår frelse, berre ta imot det som han har gjort og takka for det. Me strekk ikkje til på nokon måte, men Jesus gjorde alt! Så mitt store ynskje er at alle må ta imot dette av berre nåde! Lukke til med dette valet!

Eg utfordrar Ingvard Svellingen til neste gong.



Klara Blomvågnes er gift med Malvin og bur i Blomvågen.

Det er nok det som Jesus gjorde. Det er nok det som han har sagt. Han har sona di synd den store, og deg vunne så rein ei drakt.

Det er nok det som Jesus gjorde, om av syndarar størst du er. Du er beden til bryllupsbordet, også deg har din frelsar kjær.

Nei, du treng ikkje lenger tvila, for hans nåde er nok å det deg. På eit fullført verk får du kvila, og så ferdast med fryd din veg.

Det er nok det som Jesus gjorde. Det i døden og domen gjeld. Me vil byggja på nådeordet. Det er berggrunn som evig held.

Heile verda i ei songbok

Songboka ”Syng håp!” inneheld 100 kristne songar og bønner frå heile verda. – Vi er stolte over at heile 51 land og alle verdsdelar er representert, seier Sindre Eide.

Av Helge Johan Stautland KPK

Eide sit i redaksjonen for boka som IKO-forlaget gjev ut, og har over ein lengre periode samla på kristne songar frå heile verda. Men også mange andre har medverka til det breitt samansette utvalet i ”Syng håp!”, blant anna fleire misjonsorganisasjonar. I vår har songboka blitt distribuert til kyrkjelydar og forsamlingar over heile landet.

– Til for å delast

Songane som er valt ut handlar blant anna om solidaritet og ein-skap trass både kyrkjelege og kulturelle skilnader.

– Det er ingenting som er meir grensesprengjande, samlande og uttrykksfull enn song. Dei tradisjonelle grensene mellom fattig og rik blir viska ut, og vi her i nord får hjelp frå dei som vi reknar som fattige til å syngje vona inn i vårt liv og ut i verda, seier forlagssjef i IKO-forlaget, Jorun Elisabeth B. Weyde.

Weyde har fått attendemeldingar på at også skulen er interessert i å nytte boka i undervisninga.

Boka er eit samarbeidsprosjekt mellom Kirkens U-landsinformasjon (KUI), Kirkens Nødhjelp (KN)

og IKO – Kirkelig pedagogisk senter.

Boka er til sals på kyrkjekontoret for 188 kr.



Misjonærviggle i Hjelme

Elisabeth Gravem Sanden og Jan Sanden med borna Ester Kristin (18.05.03) og Hild Elida (f.23.01.05) blir vigsla til teneste i Mali under gudstenesta i Hjelme kyrkje 22.05.05 kl. 11.00.

Frå Normisjon i Oslo vil leiar for Internasjonal avdeling Arnt Jerpstad delta.

Jan Sanden (38) frå Øygarden har utdanning som industrimekanikar og har vore på korttidsteneste i Mali 3 gonger. (I 1994 -1995 , 1995 -1996 og 1997-1998) Da bygde han hus og reparerte bilar.

Elisabeth Gravem Sanden (29) vaks opp i Hurdal og på Dokka. Ho er adjunkt med kristendom mellomfag og har bl.a. vore lærar i Øygarden.

I 1997 var Elisabeth 1. åring i Aserbajdsjan og passa norske misjonærbarn.

Begge har vore med i Santalmisjonen/Normisjon sitt arbeid lokalt og regionalt bl.a. gjennom krins/regionsstyret.

Normisjon i Mali: Arbeidet starta i 1981, og ei evangelisk luthersk kyrke, EELOM, ble danna i 1992 no med ca. 600 døypte medlemmer. Misjonen og kyrkja har et nært samarbeid om bibelskole og leiaropplæring. Normisjon arbeider blant fleire folkeslag i Mali: kassonkéar, fulanarar



Familien Sanden

og bambara-talande grupper. Et arbeid blant malinkéane blei starta i 2001.

Mange har sett arbeidet i Mali gjennom TV serien ” Et himla liv” som har gått på TV 2 i vinter.

Dei vidare planane for dei nye misjonærane er 1. års språkstudie i Frankrike før dei set kursen mot Mali hausten 2006.

Arsmelding 2004 for Øygarden samskipnad av Norsk Luthersk Misjonssamband

Øygarden Misjonssamband vart starta for 16 år sidan. Laget fungerer som eit koordineringsorgan for Misjonssambandet sitt arbeid i kommunen. Arbeidet vert drive på tre plan. Det første, og kanskje det viktigaste, er det jamne arbeidet som vert drive i foreiningar og barnelag. Dette står bak ein stor prosentvis del av dei midlane som kjem inn i løpet av året. Dei som driv foreiningane og barnelaga er kjernetroppane i misjonen sitt arbeid og dreg lasset både gjennom gåver, arbeid og forbøn. Det andre planet er møteaktiviteten. Det tredje er at me i 2004 fekk senda ut Turid og Janesh Amenia til misjonsarbeid i Kenya i eit viktig arbeid blant unåde folkeslag.

NLM har også i år hatt eit samarbeid med Øygarden kyrkjelege fellesråd om gjennomføring av dåpsopplæringsplanen innanfor kyrkja. Teamet med fire ungdommar: Anette Espelid, Ingeborg Lid, Svein Brede Mella og Carl-Erik Waaler har gjort ein stor innsats blant ungdommane i Øygarden. Teamet er tilsett i Bergen krins av NLM og driv og ein del arbeid elles i krinsen. Ein har og starta opp med ungdomstreff på Vik bedehus annankvar laurdag. Dette er i samarbeid med Øygarden Indremisjon. Teamet har gjort eit framifrå arbeid med desse ungdomstreffa der ein samlar mellom 30 og 50 ungdommar.

Foreiningar:

Vik kvinneforeining v/Oddbjørg Vik, Tarime, Blomvågen v/Bjørg Bom, Bibelgruppe 28/18, Knappen v/Egil Martinussen

Utfordringane er å motivera til fleire foreiningar som kan ta eit spesielt ansvar i høve til Turid og Janesh Amenia sitt misjonsarbeid i Kenya.

Barnelag:

Vik barnelag v/Oddbjørg Innvær Vik, Blink barnelag,

Blomvågen v/Berta Marie Gjengedal, Lyskastaren Barnekor v/Anne-Merethe Flekstad Vik, Max-klubb, Vik

Økonomi:

Krinskontoret har oppgitt ei samla innkome for Øygarden samskipnad i 2004 på kr. 191.974,- i 2003 på kr. 110.890,-, i 2002 kr 132.800,- og i 2001 kr 125.975,-.

Utfordringa i åra som kjem er å auka innkoma gjennom fast givarteneste.

Til slutt vil vi takka alle som er med i misjonen si teneste i bøn og arbeid. Takk til dei som er med i foreiningane, kontaktane og kvar misjonsven som er trufast med i arbeidet.

Men dei som ventar på Herren, får ny kraft. Dei lyftar vengene som ørnar. Dei spring og mødest ikkje, dei går og trøytar ikkje Jesaja 40,31

Andreas Kårbø
(leiar)

Stort utvalg i uteplanter



Vi hjelper deg gjerne med
konfirmasjonsdekorasjonane

Blomsterbua
Rong senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 102, 5338 Rong

Vår lærling nærmer seg fagprøve.
Hun tar all behandling til redusert priser!
Timebestilling 56 38 73 90

**ANITA KMS
MALONGEN**



Gode resultater md formulations*
på OPPSTRAMMING **DECLÉOR**
OG SLANKING med Utratone
og Ultradietten
(Kveldsåpent e/avtale)

Gratis prøvetime

ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE
Rong Senter • Tlf. 56 38 95 15

Vårens nyheter er kommet

KLEOPATRA

Gave & Interiør

Mand-fred 10-18
Lørd 10-16

Tlf. 56 38 86 00
Fax 56 38 85 99

Vi tilbyr ferdige middagsrettar
og nysteikte bakervarer

TH HELLESØY

TLF.: 56 35 71 40 • 5331 RONG

RONGEBUA

Stor jernvare- og interiøravdeling

DALEKLETEN
5337 RONG
TLF.: 56 38 87 32
FAKS: 56 38 87 32
MOBIL: 91 16 83 75

TORSVIK MUR
VIDAR VIK TORSVIK
MURMESTER

Alt i mur-, puss- og flisarbeid



-fagkunnskap gir trygghet.

Catering - Snitter/koldtbord + Varm mat



Telefon 56 38 74 54 Rong Senter, Boks 13, 5331 Rong

Bli brun selv om det regner

Ønsker du å leie sol hjem?
Ring B-P-S Solutleie. Vi kan tilby 12--rørs solhimmel
eller 20-rørs solseng med god kvalitet fritt levert
Sotra og Øygarden
Tlf 56 38 74 54 (dag), 56 38 73 22 (kveld) eller 91 85 62 58.

BPS Solutleie v/Arvid Rong
56 38 74 54 / 56 38 73 22



TORSVIK

ELEKTRISKE AS
Torsteinsvik - 5337 RONG

acronisster elinstallasjon
Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon 922 34 062

www.torsteinsvik.no

Øygarden
elektriske as
aut. elektroinstallatør

Tlf. 56 38 94 24
Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no

**H Harkestad
Betong AS**
Utsalg på Straume
Tlf. 56 33 00 70

Betong og betongprodukter

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01
5336 TJELDSTØ

**H Malvin
Harkestad
& Sønner AS**

Alt i grunn- og betongarbeid

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01
5336 TJELDSTØ

Rong skule, utstilling i Blomvåg kyrkje 18. mars

"Kristus i kunsten"



Temaet var **"Kristus i kunsten"**.

Motiv: Palmesøndag (måleri),
langfredag (krossen), oppstoda
(glasmåleri)

Det er elevar på 5.-7. klassetrinn
som har laga desse flotte bileta.

Bileta vart sette opp til
påskegudstenesta som skulen

hadde fredag 18. mars. Kyrkjelyden
fekk gleda av bileta i heile
påskehelga.

1.-4. klasse tok del med flott song
denne dagen.

Takk til Rong skule for flott
initiativ!!!



Flåten & Sæle

TRADING

Bjørkeved	Plantejord
Spon (strø) for kompostering	Jordforbedring
Og for fjøsdrift	Dekkbark
Tørrhøy	Prydbark
Kunngjødsel for eng	Plenkrudd
Kalksaltpeter	Gjødsel for plen og bedd

Vi holder til på Hvalstasjonen i Blomvåg
Ved større kjøp kan varene leveres fritt.
Ta kontakt pr tlf. 56 38 93 05 eller kom innom
Flåten 93 23 23 40 - Sæle 93 23 23 48

Ring og be om Norgeshuskatalogen!

Telefon 56 38 28 00


BHAS BYGG

Pålneset, 5337 Rong



Kaffeavtale
2005



**BLOM
SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted

Hørselkontroll

Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei alt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 54 mån - fre 0900-1400 for nærare informasjon.



Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

Telefon: 56 38 77 73
Mobil: 90 59 90 59

BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSEHJELP

Teatergt. 20, 5010 Bergen

Tlf. 55 21 44 50

Mobil 917 51 700

- DØGNVAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER

Vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.



K.H. Polden
Tlf. 56 33 45 88



Tom Wilson
Tlf. 55 18 50 80



Det blir konsert



med Gla`Vox, Jan Honningdal og ca. 200 sangere, også fra lokale barnekor i Øygarden, i Bibelskolehallen på Bildøy
lørdag 28. mai kl. 17.00.

Bill: kr. 80,- for voksne og kr. 40,- for barn, maks kr. 200,- pr. familie.

Velkommen
Arr: Indremisjonsforbundet

GUDSTENESTER

- Sønd. 01.mai:** Blomvåg kyrkje kl.11:00 Høgmesse v/Svenn Martinsen.
Offer til Misjon uten grenser. Dåp. Nattverd
- Kr.him. 05.mai:** Vik bedehus kl.11:00 Høgmesse v/Svenn Martinsen
- Lörd. 07.mai:** Blomvåg kyrkje kl.12:00 Konfirmasjonsgudsteneste v/
Svenn Martinsen Offer til Familie og medier. (KKL)
- Sønd. 08.mai:** Hjelme kyrkje kl. 10:30 Konfirmasjonsgudsteneste
v/ Svenn Martinsen. Offer til Laget - NKSS
- Sønd. 08.mai:** Blomvåg kyrkje kl.12:30 Konfirmasjonsgudsteneste v/
SvennMartinsen. Song av Øygarden gospel
Offer til kyrkjelydsarbeidet. Dåp.
- Sønd. Pined. 15.mai:** Blomvåg kyrkje kl.11:00 Høgmesse v/ Svenn
Martinsen. Nattverd. Dåp. Offer til kyrkjelydsarb
- Mand.2.pined. 16.mai:** Hernar bedehus kl. 12:00 Båt frå Hellesøy kl 11.30.
Høgmesse v/Svenn Martinsen.
Offer til Hernar bedehus. Nattverd
- Tirsd.17.mai:** Hjelme kyrkje kl. 10:30 Familiiegudsteneste v/Svenn
Martinsen Bakken skulemusikk spelar. Offer til korps
- Tirsd. 17.mai:** Blomvåg kyrkje kl. 12:30 Familiiegudsteneste v/Svenn
Martinsen Blomvåg skulemusikk spelar. Offer til korps
- Sønd. 22.mai:** Hjelme kyrkje kl. 11:00 Høgmesse m/Misjonærinnviing av
Elisabeth og Jan Sanden .Nattverd Offer til Normisjon.
Middag og kyrkjekaffi etter gudstenesta
- Sønd. 29mai:** Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Avskjedsgudsteneste for Lars Arne
Vik v/ Lars Arne Vik. Song av Lyskastaren og Jubelkoret.
Kyrkjekaffi etter gudstenesta. Offer til kyrkjelydsarb.
- Sønd. 05.juni:** Hjelme kyrkje kl.11:00 Høgmesse v/ Svenn Martinsen.
Dåp. Nattverd. Offer til Norsk lærarakademi.
- Sønd. 12.juni:** Blomvåg kyrkje kl.11:00 Høgmesse v/ Svenn Martinsen.
Dåp . Nattverd Offer til Åpne dører.

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Døypte Blomvåg:

Mikael Emanuel Hæsken, Torsvik
Kristoffer Hæsken, Torsvik
Ida Marie Hæsken, Torsvik
Marcus Hæsken, Torsvik
Christoffer Berthelsen, Torsvik
Ida Marlen Rong, Torsvik
Arnold Monge, Torsvik

Døypte Hjelme:

Hild Elida Sanden, N. Sæle
Joachim Børmo Myren, Breivik
Selina Skjold, Nautnes

Døde Blomvåg:

Leif Alfred Alvheim, Alvheim
Katrina Torsvik, Tjødnavegen
Bjørn Odd Rong, Rong

Døde Hjelme:

Birgitte Sofie Pedersen, Nautnes
Johan Martinus Tjong, Nautnes
Ingrid Lovise Bjørkli, Bergen

INNKOMNE OFFER

Blomvåg:

24. okt. -04 til kyrkjelydsarbeidet	kr. 3.669,50
7. nov. til Den Norske sjømannsmisjon	kr. 2.136,50
21.nov. til Bibelskolen Bldøy	kr. 2.839,-
5.des. til blå kors Nøreg	kr. 2.691,50
19. des. til kyrkjelydsarbeidet	kr. 900,-
19- des. til kor og korps	kr. 3.747,50
24.des. Adoptivborna- NLM	kr. 6.984,-
26.des.Det Norske Misjonsselskap	kr. 2.145,50
1. jan. -05 til Flomoffera i Asia	kr. 5.290,-
9.jan. til Norsk lærarakademi	kr. 2.059,-
23.jan til Ungdom i oppdrag	kr. 1.567,50
6.febr. til kyrkjelydsarbeidet	kr. 3.527,-
20. febr. til Malinkèfolket – Normisjon	kr. 2.205,-
6.mars til Nordhordland Indremisjon	kr. 2.971,-
20.mars til kyrkjelydsarbeidet	kr. 3.538,-
24.mars til den Norske Israelmisjon	kr. 1.633,50
28.mars til Det Norske bibelselskap	kr. 1.600,-

Hjelme:

31. okt. -04 til Evangeliesenteret	kr. 3.165,50
14. nov. til Bibelskolen Bldøy	kr. 2.900,-
28. nov. til kyrkjelydsarbeidet	kr. 2.346,50
12.des. til Normisjon	kr. 1.412,-
19. des til kor og korps	kr. 2.091,-
24. des. til adoptivborna – NLM	kr. 8.402,-
25. des. til det Norske misjonsselskap	kr. 1.497,-
2. jan. -05 til kyrkjelydsarbeidet	kr. 1.405,-
16.jan til Ungdom i oppdrag	kr. 2.051,-
30. jan til Nordhordland Indremisjon	kr. 2.215,-
13. febr. til Den Indre sjømannsmisjon	kr. 1.305,50
27. febr. til kyrkjelydsarbeidet	kr. 1.405,-
13.mars til Bergen søndagsskulekrets	kr. 4.095,-
27.mars til Malinkèfolket- Normisjon	kr. 4.563,50

TIL LUKKE

70ÅR:

16.mai Magnhild Djupevåg, Rossnes
02.juni Margit Garatun, Tjeldstø
06.juni Nelborg Oliva Wilhelmsen,
Ternholmbakkane
11.juni John Otto Dale, Dale

75 ÅR:

11.mai Thorunn Berggreen, Hellesøy
01.juni Konstanse Heimark,
Veslevarden A13

05.juni Ninni Kristine Rong, Rong

80 ÅR:

28.mai John Anfin Haugstad, Knarvik

85 ÅR:

06.juni Magnhild Karen Rong, Rong

100 ÅR:

10.mai Martin Kristoffer Torsvik,
Tjødnarvegen

ANBEFALINGER FRA MINIBOKHANDELEN


MÅLRETTET LIV.

-Hvorfor i all verden er jeg her?

Dette skal vi få svar på i denne interessante boka som har vorte populær i bibel- og cellegrupper, samt for enkeltpersonar.

Boka er anbefalt av bl.a. Egil Svartdahl, forstadar i Filadelfia i Oslo,
"Les den og bli forandret", som Olav Garcia De Presno i Normisjon seier.

Til sals for kr. 200,- på kyrkjekontoret.



Kyrkjjetenar på glattisen

Også denne vinteren har Kåre Kristoffersen gjort seg gjeldande i internasjonale skøytestemner. Vi kan vel nærast kalla han ein grossist i medaljehausting. I ein alder av 56 år reiser han rundt i Europa og oppnår tider som for nokre tiår sidan var verdsrekordar for eliteløparane.

Kven ville tru at ein stillferdig kyrkjjetenar frå det isfattige Øygarden kunne oppnå noko slikt!

Av Odd N. Thormodsæter

- Når starta egentleg skøyteinteressa di, Kåre?

Lysten kom for alvor då Slåtthaug-banen vart opna i 1991. Året etter, i ein alder av 44, kjøpte eg eit par billige skeiser. Sidan eg på denne tida hadde arbeid på Nesttun, kobla eg dette saman med treningsøker på kunstisbanen.

- Du har kvart einaste år teke del på stemner både innanlands og utanlands. Korleis greier du å finansiera dette?

Eg har hatt gode sponsorar i Øygarden som har hjelpt meg med dette. Eg nemner gjerne Torsvik Elektriske, Statoil Kollsnes, Sparebanken Vest og Øygarden kommune. Utan denne støtta ville det vore uråd å halda opp dette aktivitetsnivået.

Eg må også få nemna at leiinga på kyrkjekontoret har vore hjelpsame og lagt forholda godt til rette for at eg har kunna reisa på alle desse stemnene.

Personlege rekordar	Resultat denne sesongen
500 m	43,8
1.000 m	1.24,5
1.500 m	2.08,2
3.000 m	4.21,2
5.000 m	7.27,1
10.000 m	15.36,1

- Er det noko skøytemiljø i Øygarden?

Vi er fire veteranar som trenar saman, men det er mykje åleinetrening som må til for å oppnå eit slikt resultat. Fleire av oss køyrer til Nesttun tre gonger i veka i vinterhalvåret.

- Når vi ser på alderen din kan vi ikkje unngå å spørja kor lenge du har du tenkt å halda på?

Det skal vera løp i Calgary i Canada for veteranar om to år. Eg har eit sterkt ønske om å vera med der ein gong til. Dette er ein "rask" høgfjellsbane på 1000 meter høgd som det er lettare å setja rekordar på. Får eg behalda den helsa eg har i dag, har eg altså ikkje tankar om å gi meg med det første. Dette er blitt ein "fritidsstil" som eg trivest godt med.



Skøyteesset frå Øygarden har mange flotte resultat å visa til. Her ser vi han på trening på rulle-skøytebanen på Kollsnes, sekundert av Knut "Kupperrn" Johannesen.



Kåre med nokre av dei medaljane han har hausta denne vinteren.